



MØTEINNKALLING

Utval: Eldrerådet
Møtedato 03.06.2020
Møtetid: Kl. 13:00
Møtestad: Biblioteket

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Karina L. Frøland vil informera om aktivitetar i frivilligsentralen.

Solveig Vassenden
leiar i utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
003/2020	20/440	Faste saker	
1	19/1040	Dagsturhytte i Samnanger	

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerte vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/440	Løpenr: 20/4774
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.06.2020	003/2020

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Delegerte vedtak/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 20/440	Løpenr: 20/4774
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	03.06.2020	003/2020

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Delegerte vedtak/referatsaker.
Utvalet sitt kvarter.



Ungdomsrådet

Vår referanse:
19/1040/20/2082/7/MEHH

Arkivkode:
FE-233, FA-C21

Dykkar referanse:

Dato:
28.02.2020

Dagsturhytte i Samnanger

Bagrunn for Dagsturhytta

“Dagsturhytta” er eit prosjekt som er vidareført frå Sogn og Fjordane til Hordaland fylke (no Vestland fylke). I tidlegare Sogn og Fjordane har kvar av dei 26 kommunane oppretta ein dagsturhytte.

I kommunestyret 05.12.2019 vart det vedteke at Samnanger kommune er positiv til å oppretta dagsturhytte i kommunen.

Målet med dagsturhyttene er å:

- Skapa ein sosial møteplass i naturen
- Få fleire på tur og oftare på tur
- Vera ein attraksjon i seg sjølv
- Søkje ly, ete nista
- Lesa ei bok (minibibliotek)
- Byggja identitet – fellesskap
- Verta meir medveten naturen i fylket og verta meir kjend med fylket

Kostnader og finansiering

Dagsturhytta kostar kr 1 000 000. Prosjektet er planlagt finansiert som følgjande:

Tilskot Vestland fylkeskommune	Kr 200 000	Mottatt
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	Kr 100 000	Mottatt
Spelemidlar	Kr 333 333	Søkjjer i 2020
Eigendel Samnanger kommune	Kr 100 000	Omlag faktiske kostnader etter mva. komp.
	Kr 200 000	Mva. kompensasjon
	Kr 67 000	Eigeninnsats grunnarbeid
Totalt	Kr 1 000 000	

Føringar

Det fins fleire føringar for å delta i prosjektet. Nokre av dei mest sentrale me må ta omsyn til i samband med lokalisering av dagsturhytta er:

- Lett tilgjengeleg – barn og unge
- Universell utforming
- “Maks” 15 min med bil frå kommunesenter
- Maksimal høgde over havet - 700 meter
- Gangtid 25-45 min
- Kan me bruka turmålet heile året?

Adresse:
Tyssevegen 217,
5650 Tysse

Kontakt
Tlf: 56 58 74 08
postmottak@samnanger.kommune.no
www.samnanger.kommune.no

Sakshandsamar
Direktetelefon: 56 58 74 09
E-post:
meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no

Kontonr.
3562 07 00035
Foretaksnr.:
NO 964 968 985

- Tomta må vera flat og ha fast fjell
- Turmål med kulturminne?
- Tilstrekkeleg med parkering ved utgangspunkt for turmål

Onsdag 22.01.20 arrangerte Vestland fylkeskommune oppstartsseminar for alle kommunar med interesse for prosjektet. Frå Samnanger kommune deltok leiar for kultur, Meline H. Haugland og byggesakshandsamar, Nina Fredriksen. Prosjektleiar ved Vestland fylkeskommune, Atle Skrede, oppmoda til at turmål vert valt ut av administrasjonen.

Status

Det er sett ned ei gruppe frå kulturavdelinga og eining for samfunnsutvikling som jobbar med prosjektet. Me har landa på at området i nærleiken av Flesjane vil vera ei god plassering med omsyn til føringane gitt av Vestland fylkeskommune:

- Det går alleiere tursti ut til Flesjane og Skutevika, prestavegen
- Det er høve til å bruka eletrisk rulletol på delar av vegen. Me vil undersøkje høve til å plassera dagsturhytta slik at me kan få til universell tilkomst heilt fram
- Området vil vera lett tilgjengeleg og innafor 15 min frå både Tysse og Bjørkheim
- Gangtid er innafor 25-45 min frå parkering
- Eksisterande parkeringsplass ved kyrkja på Ådland
- Turmålet kan nyttast heile året (fottur, ski, truger, båt, kano, kajakk)
- Området har fleire kulturminne. Prestavegen er eit kulturminne i seg sjølv
- I samarbeid med BOF planlegg kommunen badevik på Bjørkheim. Her har frivilligsentralen utstyrsbank i naustet kor det er høve til å låna kajakkar gratis. Frivilligsentralen planlegg innkjøp av båt til utlån, og me undersøker høve til innkjøp av universelt utforma båt.
- Prosjektgruppa har eit mål om å gjera (minimum) èin av tilskomstane til Dagsturhytta universelt utforma, dvs. fjordvegen eller turvegen. Badevika på Bjørkheim vert universelt utforma.

Torsdag 19. mars skal prosjektgruppa på synfaring i området for å undersøkje moglegeheiter og avgrensingar.

Prosjektgruppa har eit mål om at dagsturhytta i Samnanger er sett opp innan 2020. Framdriftsplanen til Vestland fylkeskommune er 5 hytter i 2020, 18 hytter i 2021 og 12 hytter i 2022.

Me oppmodar råd for personar med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og ungdomsrådet til å koma med innspel til prosjektet.

Med helsing

Meline Heimdal Haugland
einingsleiar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.